

Babysong Våren 2018



Å høyra til

TRUSOPPLÆRING I KYRKJA I SULDAL

Vel møtt til babysong!

*Det største mysterium er ikke mer enn det
at en ørliten kropp er våknet til jorden .*

Den nyfødte ser.

To luker i himlen går opp.

*Selv fem-trinns-raketter og kjernefysikk
blir puslingers puslespill*

*når det nyfødte barn med et eneste blick
beviser at Gud er til.*

André Bjerke

*Det skjer et under i verden
hver gang et barn blir til,
over det gryende livet
lyser Guds skapersmil.*

Gerd Grønvold Saue

Barnet du har fått er eit lite mirakel. Kvart menneske er unikt; skapt og elska av Gud. Det er noko av det me vil skal prega stunda på babysong.

Babysong er :

- ✓ *Song, musikk, rim og regler, rytmeinstrument, slør og ballongar, såpebobler og ball*
- ✓ *Ei god og rolig stund saman, for babyen og mor eller far*
- ✓ *Babyar som har stor glede av å sjå kvarandre - og ta på kvarandre*
- ✓ *Treffstad for nybakte foreldre med god tid til prat*
- ✓ *Kvar torsdag (med nokre unntak) i ein periode (9-10 gonger)*

Her går songstunda sin gong om nokon er litt urolege ein dag, om bleier må skiftast eller det trengs ein liten melketår undervegs.

Så slapp berre av, same korleis dagen er.

Og husk at det ikkje er nokon konkurranse i song. *Di* stemme er den beste i verda for barnet ditt. Så bruk den songstemma du har.

Me har ei blanding av songar med kristne tekstar og meir almenne tekstar; rim og regler, musikk, rytmeinstrument m.m

Me brukar cd til ein del av songane, resten syng me utan musikk.

Torsdag 1. februar går starten for ein ny omgang med babysong på **Sand bedehus**.

Har du ein baby (under 1 år) er du hjarteleg velkomen!

Det blir babysong kvar torsdag (med nokre unntak), til saman 9-10 gonger i løpet av våren.

Info om datoar blir gitt etterkvart på sms til dei påmelde, facebook (kyrkja i Suldal), kyrkja si nettside m.m

Me startar **klokka 11.00**.

Først har me ei songstund på ca 45 min. Etterpå har me tilbod om kaffi/te/vatn om du vil sitja ei stund - og kanskje eta niste. Men det siste året har babymødre organisert treff på kulturhuset etter songen. Gjer det som passar for deg 😊

Turid Børtveit Skjelstad er leiar. (Medhjelparar varierer frå gong til gong)

Babysong på sjukeheimen på Sand

Det har blitt ein populær tradisjon at me besøkjer eldreinstitusjonane og har babysongen der. Denne våren vil me å besøkja **sjukeheimen på Sand torsdag 8. mars**

Denne invitasjonen til babysong blir send til dei som står i kyrkja sitt medlemsregister (og nokre få andre, f.eks dei som var med i haust). Veit du om nokon med barn i aktuell alder som ikkje har fått invitasjon, så sei til dei at dei er like velkomne for det.

Velkommen, både nye og de som var med i haust!

Mvh
Turid Børtveit Skjelstad
kyrkjelydspedagog

Påmelding: sjå neste side 

Påmelding:

Helst på heimesida vår www.suldal.kyrkja.no

Får du det ikkje til kan du bruka ein av desse alternativa:

Tlf til kyrkjekontoret **52 79 02 03**

mail: **turid@suldal-kyrkje.no**

SMS: **98 43 72 73**

Me treng følgjande opplysningar:

- ✓ namn og fødselsdato på **barnet**
- ✓ namn, adresse og fødselsår (fordi me søker kursstøtte) på **den vaksne** som skal vera med
- ✓ **mobilnummer** (viktig til meldingar, t.d. viss me må avlysa ein gong).

Send ei melding til Turid på mobilnr. 98 43 72 73 dersom de ikkje kan koma ein torsdag. Så veit me cirka kor mange me skal setja fram stolar til.

Nokre praktiske tips:

- Det kan vera kaldt på golvet på bedehuset, så det er godt (for den vaksne) å ha innesko eller tjukke sokkar.
- Babyane ligg på gummimatter som blir vaska av etter kvar gong. Men til dei aller minste kan det likevel vera greit å ha med eit lite teppe eller handkle til å ligga på.
- Det er mikrobølgeovn og barnestolar på bedehuset.